



BONDE I BONDALEN: Gardbrukar og leiar i Hjørundfjord bondelag, Knut Hustad, synest det snodig å sjå at industritoppar i ytre strøk no vil ha skjerming mot internasjonal konkurranse – og dermed prisvern. – Dette har jo vore kronargumenta våre i jordbruksforhandlingane, men utan noko som helst forståing frå industrihald, beklagar Hustad. ARKIVFOTO: KNUST ARNE AARSET

– Låner bondeargumenta

• Gardbrukar Knut Hustad synest det er snodig at industrien no vil ha vern

NÆRINGSGLIV

– Det er snodig å sjå at toppane i skipsindustrien i ytre no vil ha skjerma produkta sine frå konkurranse.

Dette seier gardbrukar Knut Hustad i Bondalen, etter å ha lese eit budsjetttoppslag i Sunnmørsposten torsdag. Der går søskenparet Gunvor og Tore Ulstein ut og ber staten om å kjøpe eigne båtar berre ved norske verft.

– I praksis er dette eit prisvern, der industrien skal sleppe å konkurrere på den globale marknaden, hevdar Hustad.

– Som bonde har eg sjølv sagt ikkje noko imot at det vert gjort mykje for å berge arbeidsplassar i industrien.

– Men eg registrerer at den same industrien er mildt sagt lunkne når det er jordbruksforhandlingar kvar vår, og bøndene kjempar med ryggen mot veggen for å halde oppe eit visst tollvern og anna skjerming mot import av internasjonale matvarer.

SAKA

• Den maritime industrien er inne i ein ordretørke grunna halvert oljepris.

• Lokale industritoppar vil ha staten til å tinge eigne skip berre frå norske verft.

• Det er snakk om kontraktar verd over 700 millionar kroner.

• Knut Hustad meiner industrien brukar landbruksnæringa sine kronargument.

• Talet på bønder lokalt er halvert i løpet av to tiår.

– Industrien er mildt sagt lunkne når det er jordbruksforhandlingar

KNUT HUSTAD



NHO-TOPPEN: Torill Ytreberg meiner situasjonen i skipsindustrien er akutt, og at han dermed ikkje kan samanliknast med vilkåra i landbruket. ARKIVFOTO: KNUST ARNE AARSET

– Det er aldri mogleg å konkurrere på pris mot utanlandske matvarer, det veit vi. Dermed handlar det meir om vi skal ha norsk matproduksjon eller ikkje, seier Hustad.

Arbeidsplass. Han viser til at både Eiksundtunnelen og andre kommunikasjonar gjer at det no

har vorte mykje meir reising og utveksling av lokalkunnskap.

– Dermed veit også vi frå indre no straks meir om kva som går føre seg i den suksessrike industrien i ytre.

– Eg vil likevel hevde at ein arbeidsplass i landbruket, lat oss seie på Vartdal, er like viktig og har like store ringverknader

som ein arbeidsplass i industrien i ytre, påpeikar Hustad. Han viser til at NHO-sjef Torill Ytreberg fleire gonger har stått fram med ei haldning som ikkje syner forståing for bøndene sine skjermingsargument.

Statisk. Oppfattar Hustad deg rett, Ytreberg?

– Til Hustad sine påstandar er å seie at vilkåra for landbruket, kontra situasjonen i industrien faktisk ikkje kan samanliknast.

– Forholda i landbruket er meir statiske, og fordrar dermed ein heilt annan type politikk.

– Situasjonen i industrien er derimot akutt akkurat no, og handlar om tiltak som skal berge både kompetanse og arbeidskraft over kneiken, seier Ytreberg. Ho meiner dette er fullt mogleg med å gjere nokre legale grep frå staten, grep ho hevdar mange konkurrerende nasjonar har gjort for lenge sidan.

– Staten må uansett ha nye skip, og dei bør byggjast no.

KNUT ARNE AARSET
kaa@smp.no